



Vedtekter for kommunale barnehagar i Stad kommune

1. Eigartilhøve

Stad kommune eig og driv dei kommunale barnehagane i kommunen i samsvar med [Lov om barnehager](#), føreskrifter, nasjonale retningslinjer og kommunale vedtak og planar. Tenesteutval er det politiske organet som ivaretek kommunen sine oppgåver innanfor barnehagesektoren.

2. Føremål

[Barnehageloven § 1](#) fastset barnehagane sitt føremål.

Barnehagane skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Barnehagane skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, og på verdigrunnlaget som er fastsett i barnehagelova og FN sin barnekonvensjon. Barnehagane skal fremje demokrati, mangfald og gjensidig respekt, likestilling, berekraftig utvikling, livsmeistring og helse jf. [Rammeplan for barnehagen](#).

3. Opptak

Opptaksmynde i Stad kommune har, saman med styrarane i kommunen, ansvar for at barnehageopptaket skjer i samsvar med gjeldande regelverk.

Foreldra sitt ønskje om kva barnehage dei ønskjer vert tillagt stor vekt, i tråd med [§ 17 i barnehageloven](#).

Det kan ytast skjønnt ved opptak i barnehage i særlege tilfelle knytt til familiesituasjon.

Det er eitt hovudopptak til barnehagane i Stad kommune, med søknadsfrist 1. mars. Opptaket vert gjort i mars, og plassen gjeld frå nytt barnehageår i august. I hovudopptaket vert det tildelt plass frå den månaden retten trer inn, også i dei tilfelle familien ønskjer seinare oppstart. Om ein takkar nei til tilbod mistar ein retten til plass, men kan søke på ny og bli vurdert ved supplerande opptak. Ny rett til plass trer inn ved neste hovudopptak.

Det er eitt hovudopptak, men barnehagane skal ha supplerande opptak gjennom heile året når dei samla ressursane, både økonomisk og personellmessig, for oppvekstsektoren tillèt det. Alle nye barn som ønskjer barnehageplass for neste barnehageår, må søkje innan fristen for hovudopptaket. Dei som ønskjer endringar i plass, søker også til denne fristen.

Opptaket er samordna mellom barnehagane i kommunen. Opptaksmynde er barnehagemyndigheita. Kommunen er opptakskrins.

Det er høve til å søkje slik plass: 3, 4 eller 5 dagar per veke.



Barn har rett til barnehageplass i tråd med barnehagelova § 16. Barn som fyller 1 år seinast innan utgangen av august det året det søker om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage frå august månad. Barn som fyller 1 år i september, oktober eller november det året det søker om barnehageplass, har etter søknad, rett til å få plass i barnehage innan utgang av den månaden barnet fyller 1 år.

Barn som har fått barnehageplass, har denne plassen ut barnehageåret (t.o.m. 14. august) det året barnet byrjar på skulen eller til plassen vert sagt opp.

Prioritet ved hovudopptak i barnehagane i Stad kommune

1. Barn som har rett til prioritet ved opptak i samsvar med [barnehageloven § 18](#), prioritert etter alder - eldste først. For opptak etter dette kriteriet skal det føreligge skriftleg vurdering frå sakkunnig instans eller vedtak etter [barnevernsloven § 5 -1](#) første ledd bokstav a til d, § 3-1 og § 3-4 første ledd bokstav b.
2. Barn som har plass i den aktuelle barnehagen og som ønskjer auke i plassen.
3. Barn som har rett på barnehageplass i samsvar med [barnehageloven § 16](#), prioritert etter alder – eldste først, og barn med søsken i same barnehage.

Søkjjarane som ikkje har rett til plass etter [barnehageloven § 16](#) eller som søker etter hovudopptaket, vert registrert på venteliste. Barnehagane skal ha supplerande opptak gjennom heile året når dei samla ressursane, både økonomisk og personellmessig, for oppvekstsektoren tillèt det. Følgjande prosedyre gjeld ved opptak frå venteliste:

- Identifisere kva barnehage som har ledig plass, og om det er ein plass for barn over eller under tre år som er ledig.
- Fastslå kven av søkjjarane som har denne barnehagen som førsteval, og alder i samsvar med ledig plass.
 1. Søknadsdato sett opp i mot kven som treng plassen først
 2. Prioritert etter alder – eldste først

Klage på opptak

Foreldre/føresette kan klage på opptaket etter reglar i forvaltningslova.

4. Tilbod, opningstid, ferie

Barnehageåret startar 15. august og sluttar 14. august året etter.

Barnehagane har ordinær opningstid frå kl. 07.00 til kl. 16.45. Styrar kan tilpasse opningstida etter behov innanfor den ordinære opningstida.

Barnehagane er opne på alle kvardagar med unntak av:

- Fem planleggingsdagar
- Julafta – romjula – nyttårsafta
- Påskeveka: Måndag, tysdag og onsdag før skjærtorsdag



Barnehagane tilbyr barnehageplass frå tre til fem dagar per veke (60 %, 80 % og 100 % plass). Fordelinga mellom dei ulike plassane vert fastsett for kvar einskild barnehage ved opptak.

Barnehageruta vert årleg vedteke av tenesteutvalet, der dei fem planleggingsdagane i barnehagane vert fastsette. Barnehagane er stengde på planleggingsdagane. Etter avtale kan barnehagen planlegge på alternative tidspunkt.

I løpet av barnehageåret skal alle barn ha fem veker ferie. To veker blir brukt i samband med planleggingsdagar og jule- og påskestengt, jf. barnehageruta. Tre av ferievekene må takast samanhengande i perioden 15. juni -14. august. Ferie skal meldast til barnehagen i god tid, slik at bemanninga kan justerast etter behov. Foreldra skal, så snart som mogleg i april, og seinast 15. april, gje melding om når barna skal ha sommarferie. Dersom nokon ønskjer unnatak frå hovudregel, søker ein skriftleg til styrar i barnehagen på førehand.

5. Foreldrebetaling

Foreldrebetaling er regulert i [barnehagelova § 20](#), og [Forskrift om foreldrebetaling i barnehager](#). Staten sin maksimalpris for foreldrebetaling gjeld i kommunen sine barnehagar. Betaling for kost kjem i tillegg. Foreldrebetaling vert vedteke i «Gebyr- og betalingsssatsar» i kommunestyret kvart år og følgjer kalenderåret. Ved delt foreldreansvar er begge foreldra ansvarlege for betaling av barnehageplassen.

I særlege tilfelle kan det gjevast permisjon frå barnehagen med fritak for foreldrebetaling.

Betaling for barnehageplass forfell den 20. kvar månad, gjeldande for inneverande månad. Det vert kravd betaling for 11 månader i året, der juli er betalingsfri. Dersom foreldrebetaling har stått til forfall i to månader, vert det sendt ut brev frå Stad kommune med ny betalingsfrist. Viss kravet ikkje er betalt innan denne fristen, vert føresette innkalla til møte med administrasjonen i Stad kommune. Dette for å inngå betalingsordning med kommunen eller finne ei anna løysing. Ved for sein eller manglande betaling gjeld Økonomireglement Stad kommune. Det kan søkjast om reduksjon i foreldrebetaling. Sjå kommunen sine heimesider eller kontakt barnehagestyrar for meir informasjon.

Søskenmoderasjon

- 30 % moderasjon for barn nummer to
- Gratis barnehageplass for dei øvrige barna

Moderasjonen gjeld sjølv om barna er i ulike barnehagar i kommunen.

6. Oppseiing eller endring av plass

Dersom ein ynskjer å seie opp eller endre barnehageplassen, skal det skje skriftleg. Ein seier opp/søker om endring av barnehageplass via nettstaden: www.vigilo.no.

Plass i barnehagen kan seiast opp/endrast frå den 1. i kvar månad med minst ein månads varsel. Det skal betalast vanleg foreldrebetaling i oppseiingstida sjølv om barnet ikkje nyttar plassen.



7. Foreldreråd og samarbeidsutval

Foreldreråd

Kvar barnehage skal ha eit foreldreråd der foreldra/føresette til alle barna i barnehagen er medlemmar. Styraren i barnehagen syter for at det vert kalla inn til det første møtet i kvart barnehageår.

Det vert halde inntil to foreldremøte i året, der foreldrerådsmøta gjerne er knytt opp mot desse møta. Det er viktig for samarbeidet at alle foreldre møter på foreldremøte.

Samarbeidsutval

Kvar barnehage skal ha eit samarbeidsutval samansett av:

- 2 representantar for foreldra/føresette, foreldrerådet vel for 1 år
- 2 representantar for dei tilsette, personalet vel for 1 år
- 1 representant for kommunen, tenesteutval vel for 4 år
- Styrar er sekretær i samarbeidsutvalet – utan stemmerett

Kommunen kan bestemme at det skal vere felles samarbeidsutval for barnehage og skule.

8. Internkontroll

Barnehagen har utarbeidd dokumentasjon etter fastsett forskrift om internkontroll:

- Lov om miljøretta helsevern i barnehagar og skular
- Lov om arbeidsmiljø
- Brannvernlov
- Lov om produktkontroll

Dokumentasjonen omfattar mål, rutinar og prosedyrar for å ivareta helse, miljø og tryggleik.

9. Endring av vedtektene

Kommunestyret eller det organet som kommunestyret delegerer myndet til, godkjenner vedtektene for dei kommunale barnehagane i Stad kommune og avgjer eventuelle tvistar kva gjeld tolking av vedtektene. Ved omfattande revisjonar skal desse sendast ut til høyring i barnehagane før endeleg vedtak blir gjort. Reviderte vedtekter vert gjort gjeldande for alle etter at dei er politisk godkjende – også for dei som tidlegare har fått fast plass. Administrasjonen kan gjere redaksjonelle endringar i vedtektene, når dette ikkje påverkar rettane til brukarane.